

# Planstrategi 2020- 2023 med planprogram for samfunnsplan

Datert 15. oktober 2020



Nærbilde av Neth Kidøy



## Innhald

- 1) Innleiande merknadar *side 3-7*
- 2) Konklusjon for planar i perioden 2020-2023  
*side 8-13*
- 3) Planprogram for samfunnsplanen *side 14-18*
- 4) Utfordringar og utviklingstrekk for Gulen kommune  
*side 19-31*
- 5) Nasjonale og regionale krav og føringer *side 32-39*





# 1. Innleiing

---



# Kort om planstrategi for Gulen kommune

## Bakgrunn :

Planstrategien for kommunen skal gjelde for kommunestyreperioden. Målsettinga er å få ei felles satsing opp mot den utvikling ein ynskjer for kommunen. Ein god planstrategi skal trygge den politiske styringa av dei oppgåver som skal prioriterast. Prioriteringa skal basere seg på å bli samd om korleis kommunen skal møte eksisterande og framtidige utfordringar. Planlegginga skal vere styrt av kva kommunen treng av planoppgåve.



## Høyringsuttaler:

- DSB
- Fylkeskommunen
- Kystverket
- Fylkesmannen



## Kommunen sin planstrategi - innhaldskrav


Etter plan- og bygningslova § 10-1 skal kommunestyret minst ein gong i valperioden, og seinast innan eit år etter konstituering, utarbeide og vedta kommunal planstrategi.

Planstrategien skal:

- Klargjere dei områder kommunen skal arbeide med i valperioden
- Klargjere kva utvikling ein vil ha i kommunen
- Dette inneber ei tydeleg prioritering av planar som skal utgjera og gjennomførast
- Prioriteringa skal føre med seg at økonomi- og ressursinnsatsen blir styrt inn mot dei vedtekne planoppgåver
- Prioriteringane må vere realistiske ut i frå dei føresetnader som gjeld for kommunen



# Plansystemet i kommunen





# Satsingsområder i gjeldande samfunnsplan

Det eksisterande planverk er bygt opp kring desse satsingane:

Busetnad/ kommunale tenester	Infrastruktur/ næringsliv	Born og unge/kultur
<ul style="list-style-type: none"><li>•Auke innb.talet til 2500</li><li>•Behalde fire livskraftige bygdesenter</li><li>•Sikre gode tilbod</li><li>•Trygge og framtidsretta bustadområde i alle grender og bygdesenter</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>•Lønnsame og varierte arbeidsplassar</li><li>•Kommunen skal vere eit felles bu-og arbeidsområde</li><li>•Minske avstandsulemper</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>•God kvalitet på tenester til born og unge</li><li>•Trygge og gode oppvekstvilkår</li><li>•Skape felles identitet</li></ul>



## 2. Konklusjon om planar i perioden 2020-2023

---



## Overordna planar

Planar	2020	2021	2022	2023
Kommuneplanen sin arealdel	X	X		
Kommuneplanen sin samfunnsdel		X	X	
Økonomiplan	X	X	X	X
Eigarskapsmelding, jf. Kommunelova § 26-1				X



## Tema- og sektorplanar

Nye temaplanar	2020	2021	2022	2023
Kulturminneplan		x		
Landbruksplan	x			
Plan for overgrep og vald i nære relasjonar		x		
Plan for ferdsselsårer friluftsliv (til vurdering)		x		
Rulleringar	2020	2021	2022	2023
Folkehelseoversikt		x	x	x
Beredskapsplan	x	x	x	x
Overordna ROS				x
Viltforvaltning			x	
Kommunal plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet			x	
Kompetanseplan	x	x	x	x
Sektorplanar	2020	2021	2022	2023
Pleie og omsorg			x	
Oppvekst		x	x	



# Interkommunale planar

Interkommunale planar	2020	2021	2022	2023
Interkommunal plan for sjøområda i Nordhordland	x	x	x	
Digitaliseringsprosjekt		x		
Plan for helse og omsorg		x		



# Reguleringsplanar




## Planendringar, planar under arbeid og nye planar

- Brandanger - Plan ID 2014002
- Hovden II - Plan ID 2007002
- Gåtafeltet - Plan ID 20160200
- Mjømna bobilcamp - Plan ID 2014004
- Fivelsdal – Plan ID 2012007
- Merkesdalsvågen - Plan ID 2010005
- Fjøra Brekke – Plan ID 1989001
- Ortneset (bustad)
- Hovden gang- og sykkelveg - Plan ID 2020001
- Byrknes -Børtnes (barnehage/bustad)
- Dalsøyra -Myrvika (bustad)
- Klauvågen
- Steinsøya/Steinsvågen (nærings/industri)
- Vassvika



# Føresetnadar for planarbeidet

- Arealplan for kommunen er i prosess. Kommunen prioriterer å få denne ferdig så snart som mogleg.
- Landbruksplan er utarbeidd og klar for å bli handsama av kommunestyret.
- Kommunen har hatt sterk fokus på beredskapsarbeidet i fleire år, med systematisk arbeid kring risikovurderingar. Etter overordna ROS er det peika ut handlingsplanar. Beredskapsplan og arbeid med tryggleik i kommunen blir gjennomgått jamleg.
- Klima og miljø vil vere sentralt i arbeidet med ny samfunnsplan. Overordna planar og målsettingar vil gå fram her, med meir detaljerte handlingsplanar i etterkant. I dette arbeidet må ein innlemme ivaretaking av naturmangfald.
- Kommunen ei oversikt over folkehelsa i kommunen. Denne vil kvart år bli oppdatert med nye data. Arbeid med folkehelse vil vere gjennomgåande i samfunnsplanarbeidet. Sentrale tema er:
  - Samferdsle, infrastruktur og trafikktryggleik
  - Møteplassar
  - Inkludering og kultur
- Kvalitetsreforma, Leve heile livet, skal innlemmast i samfunnsplanen. Detaljerte handlingsplanar skal springe ut frå denne.





### **3. Planprogram for samfunnsplanen**



# Framdriftsplan for samfunnsplanen

Aktivitet	Tidsperiode
Prosjektplanlegging	November - desember 2020
Godkjenning av prosjektplan	Januar 2021
Utarbeiding av planframlegg (utgreiingar, medverknad, mål og strategiar)	Januar 2021- oktober 2021
Medverknad på politisk nivå	Løpende (gjennom FSK og utval)
Anna medverknad	Mars 2021 – august 2021
Politisk godkjenning av utgreiingar i KOM	April 2021 og august 2021
Framlegg til samfunnsplan vert lagt ut til offentleg ettersyn	Oktober 2021 – desember 2021
Godkjenning av planen i FSK og KOM	Januar 2022



## Føresetnadar i planprogram for samfunnsplanen

- Prosess for å utarbeide ny samfunnsplan skal settast i gang i november 2020
  - I prosjektplan som skal bli utarbeidd i november/desember, skal det leggast opp til fleire delleveransar underveis i arbeidet. Desse skal handsamast av dei aktuelle utval og formannsskap. Dei ulike interessentane vil bli involvert i arbeidet med delleveransane,
- Ei interessentanalyse vil bli utarbeidd som delleveranse tidleg i prosjektperioden
- Samfunnsplanen skal trekke opp overordna mål og strategiar for Gulen kommune som samfunn og organisasjon.
- Målet med samfunnsplanen er at den skal fungere som eit overordna styringsdokument for å sikre ei heilskapleg og planstyrt utvikling av kommunen. Arbeidet med revisjon av samfunnsplanen skal organiserast som eit prosjekt og følgje PLP-metoden.



## Føresetnadar i planprogram for samfunnsplanen forts.

- Utfordringar som går fram videre av planstrategien visar et det er nødvendig å utarbeide utredningar på fleire område, dette kan til dømes gjelde innan klima og miljø, påverknadar på naturmangfald, behov til næringsliv og innbyggjarar
  - I visse tilfelle vil det vere nødvendig å hente inn utredningar frå miljø utanfor kommunen med spesialkompetanse, medan det i andre tilfelle er tilstrekkeleg å sette saman kunnskap som i dag er tilgjengeleg i ulike kunnskapsbasar.
- Formannsskapet er styringsgruppe for arbeidet, og skal ha ei aktiv rolle. Dei kan utnemne eit arbeidsutval om dei finn dette føremålstenleg.
  - Alle sektorane skal vere representert i ei prosjektgruppe, med ein utpekt leiar. Prosjektgruppa skal ha person frå PLT, Helse og omsorg, Oppvekst, Kultur, Ekspedisjonsavdelinga, Dagleg leiar GMU og Kommunedirektør og Ordførar.
- Dei politiske utvala (HPUK, HOM og HOP) skal i heile prosessperioden arbeide med innspel til prosjektgruppa. Dei arbeidar primært innanfor eigne arbeidsområde. Formannskapet inkluderer næringsutvikling og interkommunalt samarbeid



# Føresetnadar for planprogram samfunnsplan - medverknad

- Gjennom interessentanalysa vil opplegg for medverknad bli meir detaljert.
- Medverkerråda (eldreråd, ungdomsråd og råd for personar med nedsett funksjonsevne) skal involverast aktivt.
- Det skal leggjast opp til medverknad frå innbyggjarar, næringsliv, interesseorganisasjonar og aktuelle offentlege aktørar både digitalt og gjennom fysiske dialogmøter.
- Det vert lagt opp til temabaserte innspelsrundar både digitalt og fysisk. Aktuelle tema vil kunne vere klima og miljø, næringsutvikling, folkehelse og demografiutfordringar.
- Informasjonsstrategi:
  - Det vil jamleg verte lagt ut informasjon om arbeidet med samfunnsplanen på kommunen sine heimesider. Der vert det også gitt moglegheiter for å komme med innspel.





## 4. Utfordringar





## Utfordringar og utviklingstrekk i Gulen

Gjennom planstrategiarbeidet har ein peika på desse utfordringane:

1. Målretta styring på bakgrunn av demografi og nasjonale krav/føringar
2. Økonomi
3. Miljø og klima
4. Innovasjon og digitalisering
5. Sysselsetjing og næringsliv
6. Oppvekst
7. Helse og omsorg
8. Gulen som eit berekraftig lokalsamfunn, med god folkehelse



# Målretta styring - samordning av planar

## Utfordring:

- Kommunale planar må spegle nasjonale og regionale føringer, men vere lokalt tilpassa. Målsettingar vi arbeider etter i dag er ikkje oppdaterte og gir ikkje rettleiing for tydelege prioriteringar.

## Mål:

- Planverket skal gi klare prioriteringar som speglar samfunnutviklinga samstundes som den tek høgde for framtidige lovkrav og ivaretak kommunen sin sjølvråderett



# Målretta styring

## - Implementere demografi, klima og miljø og berekraftsmåla til FN

### Utfordring:

- Må velje korleis ein skal arbeide for å innhente og setje saman eksisterande kunnskap som grunnlag for gode mål og handlingsplanar

### Mål:

- Identifisere kva som krevst for å setje riktige målkrav, og utvikle desse
- Folkehelse, klima- og miljøperspektiv må vere gjennomgåande tema for dei planar kommunen utviklar og gjennomfører.



# Målretta styring - samarbeid med andre kommunar

## Utfordring:

- Treng ein klar strategi for korleis ein skal samarbeide med andre kommunar for å stå sterkare rusta i handteringen av framtidige lovpålagte oppgåver.

## Mål:

- Velje samarbeidspartar innanfor dei einskilde sektorar



# Økonomi

## Utfordring:

- Samfunnsplanen må ta høgde for økonomisk berekraft.

## Mål:

- Handlings- og økonomiplanen må vidareutviklast med økonomisk berekraft som underliggende føresetnad.
- Auke økonomiske løyvingar for å vidareutvikle kommunen.



# Innovasjon og digitalisering

## Utfordring:

- Kommunen har ikkje tilstrekkeleg lokal målstyring knytt til innsatsområde, økonomiske rammevilkår og kva ein vil oppnå ved auka digitalisering.

## Mål:

- Kommunen skal peike ut områder som bør prioriterast i ei digitaliseringssatsing med utgangspunkt i dei utfordringane som vert presentert i dette dokumentet. Dette må gjenspegle seg i handlings- og økonomiplanen.



## 4.1 Utfordringar - Omsyn som skal ivaretakast



## Miljø og klima

- Miljø og klima må inn i samfunnsplanen som eit overordna tema. Det kan gjerast ved å ta Klima- og energiplanen inn som ein del av samfunnsplanen.
- Det skal utarbeidast miljørisiko- og beredskapsanalyse i samarbeid med IUA i løpet av perioden.
- Landbruksplanen som er under utforming tek omsyn til miljø og klima. Det same gjeld andre temaplanar der det vil vere naturleg.
- Kartlegging av rasfarlege områder i kommunen bør prioriterast.
- Det bør oppretta eit prosjekt som tek føre seg ureining frå private avløpsanlegg.



## Sysselsetting og næringsliv

- Samfunnsplanen må inkludere berekraftselementet i næringsutviklinga, spesifisere forventningar til næringsutvikling og tydeleggjere investeringsomfanget. God dialog med næringslivet i planprosessar for å sikre miljøomsyn er viktig.
- Næringslivet i kommunen er dominert av Industri, havbruk og landbruk. Det er viktig at planane tek omsyn til desse næringane og legg til rette for vidare utvikling.
- Arealplanen (i prosess) legg opp til utviding av eksisterande industriområde i ytre deler av kommunen.
- Kommunale investeringsprosjekt må få ei tydeleg prioritering.



## Oppvekst

- Står ovanfor ein fagleg fornyingsfase. Fornyingskrava krev eit omstillingsløft innan heile sektoren.
- Det må kartleggast kva innsparingsmoglegheiter som kan gjerast i samband med fagfornyinga. Det same gjeld kva ein kan forvente av økonomiske gevinstar av digitalisering.
- Det er behov for å ta ei prioriteringsdrøfting i samband med samfunnsplanen, slik at sektorplanlegginga har kjennskap til dei økonomiske rammevilkåra
- Sektorplan for oppvekst må byggjast opp etter dei nye rammeføresetnadane.



## Helse og omsorg

- «Leve heile livet» må inn i samfunnsplanen.
- Strategiplan for omsorg bør rullerast der resultat av «Leve heile livet» og erfaringar frå brukarkartlegging 2021 vert innarbeidd. Ein bør dessutan sjå strategiplanen i samanheng med dei interkommunale planane som er under utvikling.
- Dette må vidare danne grunnlag for ein debatt om kommunen sin økonomi- og handlingsplan skal legge opp til om innsparingskravet skal gjennomførast etter planen. Det må også vurderast nye innsparingsmoglegheiter.



## Gulen eit berekraftig lokalsamfunn med god folkehelse

Kommunen bør bygge inn folkehelseperspektivet i dei tilhøyrande tema i samfunnsplanen , og trekke fram dei viktigaste målsetnadane for å behalde god folkehelse i kommunen. Dette inneber mellom anna:

- Tenke framtidssretta opp mot dei utviklingstrekk vi kan sjå i kommunen om auka utdanningsnivå, og syte for at jobbar blir tilpassa den situasjonen
- Alle har tilgang til bustad, arbeid og lokale tilbod
- Ha tillit til medmenneske og kommunen



---

## 5. Nasjonale og regionale krav og føringer

---



## Regjeringa viser til at samfunnet står ovanfor 4 store utfordringar

- Å skape eit **berekraftig** velferdssamfunn
- Å skape eit **økologisk** berekraftig samfunn gjennom blant annet en offensiv **klimapolitikk** og en forsvarlig **ressursforvaltning**
- Å skape eit **sosialt** berekraftig samfunn
- Å skape eit **trygt** samfunn for alle



# FN sine berekraftsmål



FNs berekraftmål er verdas felles arbeidsplan som skal:

- sikre sosial rettferd og god helse
- stanse tap av naturmangfald og klimaendringar



## Klima og miljø

- Både FN sine berekraftsmål, regjeringa sine klimamål og Vestland fylke sin regionale utviklingsplan seier at omsyn til klima og miljø bør vere ein premiss for samfunnsutviklinga.
- Regjeringa har som mål å redusere ikkje kvotepliktige klimagassutslepp med minst 45 prosent innan 2030 samanlikna med 2005-nivå og at Noreg skal bli eit lågutsleppssamfunn innan 2050.



## Sysselsetting og næringsutvikling


---

- Grøn næringsutvikling
  - Det skal leggast til rette for vekst i sysselsetjing og produksjon i grønt og berekraftig næringsliv.
- Innovasjon og digitalisering
  - Kommunen skal teste ut nye løysingar og nyttiggjøre seg av ny teknologi og nye digitale moglegheiter
  - Offentleg sektor skal digitaliserast. Digitalisering og bruk av ny teknologi er ein føresetnad for å lukkast med å fornye offentleg sektor.



## Leve heile livet 2019-2023

- *Ein kvalitetsreform for eldre.* Målet med reformen er at eldre kan meistre livet lenger og ha en trygg, aktiv og verdig alderdom.
- Reformen løfter fram fem innsatsområder og 25 utprøvde løysingar.
- Kommunen skal vedta ein plan eller skildre ein prosess for korleis og når dei skal implementere reformen
- Det knytt tilskotsordningar opp mot realisering av reformen.



## Kunnskapsløft i Oppvekstsektoren

- Oppvekstsektoren skal gjennomgå ei fagfornying.
- Først ved nytt læringsplanverk som innførast haust 2020, og vidare med forslag om ny rammeplan for SFO med iverksetting 2021/2022 (Meld (2019-2020) tett på – tidlig innsats og fellesskap i barnehage, skole og SFO, ref. prop.105 S



GULEN KOMMUNE  
HISTORISK OG FRAMTIDSRETTA

